



Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/24-1

## **Innspel til jordbruksforhandlingane 2019**

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Jordbruksoppgjeret må stimulere til jamn, stor og berekraftig verdiskaping i landbruket, som igjen fører til fleire arbeidsplassar i fylket. Gardsbruka i Sogn og Fjordane, og landet elles, må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar. Det må leggast til rette for betre økonomi på mindre og mellomstore eininger, og verkemidla må vere treffsikre slik at dei tek omsyn til lokale føresetnader.
2. Prioriteringar for 2019:
  - a. Det trengst framleis verkemiddel og betre ordningar for å skape balanse mellom tilbod (produksjon) og etterspørsel (marknad).
  - b. Handlingsrommet for regional forvaltning av IBU-midlane (investering og bedriftsutvikling) må bli større.
  - c. Det er trøng for verkemiddel for å stimulere til meir beiting i utmark.
  - d. Driftstilskot og husdyrtilskot bør prioriterast for dei første produksjonseiningane. Strukturtilllegg for mjølkekyr må vidareførast, og styrkast.
  - e. Det er bruk for verkemiddel for å styrke økonomien i ammeku-produksjonen for buskap opp til 20 ammekyr
  - f. Taket på investeringsstøtta bør hevast til 2,5 mill.kr og maksimal støttesats bør hevast til 40% for å stimulere til fornying av 15-30 kyrs fjøs.
  - g. Distrikts- og kvalitetstilskotet for produksjon av frukt- og bær på Vestlandet må aukast
  - h. Det er trøng for auka tilskot til grøfting, og at det vert same reglar for tilskot til grøfting som for tilskot til andre investeringar (35% av godkjende kostnader). Det er også trøng for ordningar som stimulerer til investeringar for vasskjelder til vatning
  - i. Det er viktig med gode ordningar for erstatning etter avlingssvikt. Tilskotsordninga med erstatning etter avlingssvikt på gjerast meir treffsikker for føretak som driv med husdyr. Dagens ordning er tilpassa dei som har moderate eller gjennomsnittlege avlinger, men fangar ikkje opp dei som har høge avlinger i normalår.
  - j. Det er trøng for styrka jordvern og matberedskap, som også inkluderer å halda areal i drift.
3. Fylkeskommunen viser elles til innspela frå organisasjonane og Fylkesmannen.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

**Vedlegg:**

1. Innspel frå Sogn og Fjordane Bondelag
2. Innspel frå Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag

**Andre relevante dokument i saka:**

Regional plan for verdiskaping  
Regionalt bygdeutviklingsprogram.

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Bakgrunn for saka**

Jordbruksoppgjeren skjer årleg ved forhandlingar mellom Staten og organisasjonane i jordbruket, Norges bondelag og Norsk bonde- og småbrukarlag, som opptrer i fellesskap. Forhandlingane skjer på grunnlag av Hovudavtalen for jordbruket.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer som for tidlegare år å gje innspel til Landbruks- og matdepartementet framom jordbruksforhandlingane for 2019. Tidlegare har innspelet vore handsama både av hovudutval for næring og kultur og fylkesutvalet. Etter ynskje fra organisasjonane om å vente med å kome med innspel til arbeidet er kome lenger i organisasjonane, går saka denne gongen av tidsomsyn rett til fylkesutvalet. Hovudutvalet er kjende med, og har akseptert saksgangen.

Innspela byggjer på synspunkt frå Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane bonde- og Småbrukarlag, og Fylkesmannen som har ansvar for landbruk i verdiskapingsplanen. Det vart arrangert møte om saka den 4. januar 2019 i regi av fylkeskommunen, der dei tre aktørane deltok.

Grafar og tekst er primært henta frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksdirektoratet og SSB. Vi nyttar 2017-tal, då det er lite tilgjengeleg statistikk for 2018.

### **2. Jordbruket i Sogn og Fjordane – status og utfordringar**

#### **Føregåande jordbruksoppgjer**

Jordbruksoppgjeren i 2018 hadde fleire viktige tiltak for landbruket på Vestlandet. Det var svært positivt med eit nytt driftstilskot til små mjølkebruk, og at Vestlandet blei skilt ut som ei eiga arealsone for grovfør. Auka tilskot til bratt areal (driftsvansketilskot), prioritering av små og mellomstore bruk ved investeringsstøtte, og auka distriktstilskot til frukt og bær var også positivt.

#### **Utviklingstrekk**

Sogn og Fjordane er eit aktivt landbruksfylke der næringa utgjer ein større del av sysselsettinga og næringstrukturen enn i andre fylke. Sogn og Fjordane har ein topografi som naturleg avgrensar kor store bruk kan vere, og gjer det meir arbeidskrevjande å produsere her i fylket enn t.d. i deler av Rogaland og i Trøndelagsfylka.

Sogn og Fjordane har gode føresetnader for å produsere mat basert på grovfør. Dette pregar hovudproduksjonane våre: mjølk og kjøt frå storfe og sau. Vidare har fylket gode produksjonsmiljø for frukt og bær.

Jordbruket i Sogn og Fjordane vert stadig meir effektivisert og automatisert, og følgjer utviklinga i resten av landet mot færre og større eininger.

Bøndene i fylket fornyar seg. Det er vilje og ynskje til å investere og modernisere driftsbygningane i fylket. Det skjer mykje automatisering både innan fjøs i hagebruket. Ei stor utfordring framover vert omlegging frå båsfjøs til lausdriftsfjøs, då om lag 50% av mjølka no vert produsert på båsfjøs.

Som andre fylke blir også Sogn og Fjordane råka av eit klima med større variasjonar. Det såg vi i 2018 då det var ekstremt tørt i juni/juli og svært vått i september/oktober. Topografien i Sogn og Fjordane gjer det kostnadskrevjande å sikre seg mot klimaendringane.

#### **Areal**


I 2017 stoppa nedgangen i jordbruksareal etter å ha gått ned i fleire år. Jordbruksarealet i Sogn og Fjordane har minka med 7 prosent sidan 2006, men dei aktive gardsbruka har auka sitt areal med 16 % til 151 dekar.

Det er arealet med gjødsla beite/innmarksbeite som har auka sett i høve til både 2006 og 2016, medan areal som er fulldyrka går ned. Denne utviklinga er lik med den nasjonale utviklinga.

Jordbruksarealet i fylket vert i hovudsak nytta til grovførproduksjon. Det er fulldyrka areal til slått, overflatedyrka areal og innmarksbeite som dominerer. Berre nokre prosent av arealet vert nytta til frukt og grønt, som frukt, bær, grønsaker, poteter og rotvekstar.

Om lag 3600 dekar er mellombels ute av drift og utgjer 1 prosent av det totale arealet. Det totale arealet som vert oppgjeve som midlertidig ute av drift ved søknad om produksjonstilskot har ein nedgang på 900 dekar samanlikna med 2016. Dette vil seie at eit areal tilsvarande 145 fotballbanar har kome i drift sidan 2016.

Arealet som til ei kvar tid er i drift endrar seg, og det er det mest tungdrivne arealet som går ut av produksjon som følgje av modernisering og effektivisering. Nedgangen har vore relativt større i kyst-kommunane enn i dei andre kommunane i fylket. Men frå 2016 til 2017 ser vi at auken i jordbruksareal hovudsakleg skuldast at kystkommunane har bremsa nedgangen og har positiv utvikling på det samla jordbruksarealet. Dette er marginale jordbruksområde der utviklinga tidlegare har vore negativ både når det gjeld areal, tal bruk og produksjon.




Utviklinga i jordbruksareal i Sogn og Fjordane og på det einskilde jordbruksføretak. Arealutviklinga på det einskilde jordbruksføretak har auka jamt og trutt og gjennomsnittleg har kvart jordbruksføretak i Sogn og Fjordane 151 dekar. Snittet for landet er 244 dekar.

## Produksjon


Etter vekst i mjølkeproduksjonen i 2016 er produksjonen tilbake att om lag på same nivå som i 2015. Bøndene i Sogn og Fjordane produserte i 2017 103,9 mill. liter kumjølk, og vi er det sjette største mjøkefylket i landet med 6 % av den totale produksjonen. På grunn av kvotesystemet er mjøkeproduksjonen forholdsvis stabil frå år til år.

Det vart produsert mjølk frå 786 føretak. Dette er ein nedgang på tre prosent frå 2016. Men talet mjøkekryr aukar, og her skil vi oss frå resten av landet med ein positiv trend.




Tabellen viser at Sogn og Fjordane har ei positiv utvikling i høve landet når det gjeld tal mjølkekryr.

Når det gjeld ammekyr har det over tid vore ein stor auke i mange fylker. Sogn og Fjordane følgjer ikkje denne trenden. I 2017 hadde vi 2040 ammekyr.



Tabellen frå Landbruksdirektoratet viser at det over tid har vore ein stor auke i ammekyr særleg på Austlandet, i Rogaland og i Trøndelag. I Sogn og Fjordane har det berre vore ein marginal auke.


Når det gjeld produksjon av storfekkjøt har Sogn og Fjordane hatt ein større nedgang enn landet dei ti siste åra, med 10 %. For resten av landet har det vore ein auke på 1% grunna stor auke siste året. Totalt vart det i 2017 produsert 4 719 tonn i Sogn og Fjordane, og 85 196 tonn i landet. Produksjonen vår utgjer 5,5 prosent av den nasjonale produksjonen i 2017 mot 6,2 prosent i 2007.



Grafen viser ein oppgang i produksjon av storfekjøt dei siste åra. Men utviklinga har vore dårligare i Sogn og Fjordane enn på landsbasis dei siste 10 åra.


Sogn og Fjordane er eit av dei større saudefylka i landet og står for 8,6 prosent av den nasjonale produksjonen av saue- og lammekjøt. I 2017 produserte vi 2261 tonn, og dette er 93 tonn meir enn i 2016.

I perioden 2007 til 2017 har produksjonen av saue- og lammekjøt i Sogn og Fjordane auka med 334 tonn, ein auke på 16%.




Grafen viser den relative utviklinga av produksjonen av lammekjøt i høve år 2007 fram til 2017 for Sogn og Fjordane og resten av landet.

Når det gjeld frukt og bær svingar avlingane ein del mellom åra. Sogn og Fjordane har gjennom det siste tiåret hatt stor auke i omsetnaden for dei fleste artar. Frå 2016-17 var det auke i produksjonsmengd av plommer, eple og poteter, medan det var ein nedgang i produksjon av jordbær, morellar og pærer. Nye tal viser at frå 2017 til 2018 er det ein stor nedgang i produksjon av bringebær og ein nedgang i produksjon av eple.



Grafen viser den relative utviklinga for eple, pære, potet og grønsaker frå 2005 til 2017. Kjelde Graminor.




Grafen viser den relative utviklinga for jordbær, bringebær, moreller og plommer frå 2005 til 2017. Kjelde Graminor.

#### **Sysselsetting**

I 2017 var 2054 personar sysselsette innan jord- og skogbruk i Sogn og Fjordane. I 2005 var tal sysselsette 3 427 innanfor jord- og skogbruk. Nedgangen har vore på 1373 sysselsette i løpet av desse åra.

I Sogn og Fjordane spelar basisnæringane ei viktig rolle. Eitt tal over 1 betyr at det er relativt mykje av denne bransjen i Sogn og Fjordane.



Figuren viser at basisnæringerne, inkludert landbruk, står sterkt i Sogn og Fjordane.

### Verdiskaping

Norsk institutt for Bioøkonomi (NIBIO) laga i 2015 eitt notat om verdiskaping i landbruket i Sogn og Fjordane.

Verdiskapinga frå jordbrukssektoren i Sogn og Fjordane i 2013 blei berekna til å vere 885 mill. kr. Fordelinga mellom dei ulike næringsgreinene viser at kumjølk står for 510,5 mill. (58%) av denne verdiskapinga, sauehald for 196,8 mill. kr. (22%), og frukt og bær for 69,3 mill. kr (8%).

### Landbruk i Verdiskapingsplanen

Regional plan for verdiskaping 2014-2025 vart vedteken i fylkestinget 11. juni 2014, og rullert i juni 2018. For fylkestinget i Sogn og Fjordane er folketalsutviklinga ei hovudutfordring. I verdiskapingsplanen er målet om auka folketal i fylket ført vidare til ein ambisjon om arbeidsplassvekst.

I verdiskapingsplanen er landbruk eitt av fleire satsingsområde. Fylkesmannen har ansvar for å setje i verk satsinga.

Satsinga på landbruk i verdiskapingsplanen er avgrensa til område som kan auke tal arbeidsplassar og verdiskaping i landbruket, og område der vi kan påverke utviklinga gjennom eigen innsats. Sogn og Fjordane skal:

- auke lokal verdiskaping ved produksjon og foredling av mjølk, kjøt, frukt/bær og trevirke
- auke tal arbeidsplassar og folketallet i aktive landbruksbygder
- samordne innsatsen for å løyse utfordringar og utvikle nye lønsame produksjonar
- vere ein aktiv medspelar i utforming av den nasjonale politikken på landbruksområdet

Det blir også utarbeida eit regionalt bygdeutviklingsprogram for Vestland som skal gjelde frå 2019. Målet er å styrke og samordne det regionale miljø-, klima- og næringsarbeidet. Dette skal bidra til mobilisering av lokale ressursar og auka verdiskaping og konkurranseskraft for næringa.

### **3. Innspel frå organisasjonane**

#### **INNSPEL FRÅ SOGN OG FJORDANE BONDELAG**

Sogn og Fjordane Bondelag meiner innspelet til jordbruksforhandlingane i 2018 inneheld mange gode punkt som dei ynskjer vert tekne med vidare dette året.

Samstundes skjer det stadig endringar i marknadssituasjonen og politiske rammevilkår som medfører trøng for forsterking av nokon verkemiddel i høve til andre.

Sogn og Fjordane Bondelag gjer også merksam på at dette innspelet kjem tidleg i prosessen - før oppgjeret. Sogn og Fjordane Bondelag har frist til midten av mars med å levere innspel til eigen organisasjon.

I innspelet peikar Sogn og Fjordane Bondelag på at det var positive endringane i oppgjeret for 2018 som dei ynskjer å styrke, og vidareføre:

- Eige tilskot for små og mellomstore mjølkebruk
- Sone 5 for arealtilskot vart splitta opp med ein høgare sats for Vestlandet
- Tilskot til bratt areal vart styrka - det er viktig at det vert kompensert for driftsulemper
- Auka distriktstilskot for mjølk og kjøt

#### **Prioriteringar i 2019**

Økonomisk styrking av verkemiddel som tek omsyn til små og mellomstore bruk innan alle produksjonar, samt geografisk innretta verkemiddel som er målretta i distrikta vil vere den viktigaste prioriteringa. Det vil vere viktig å målrette bruken av tilskotskronene meir mot distrikt og struktur.

Sogn og Fjordane Bondelag peikar på at oppdatert statistikk viser at Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal ikkje klarar å auke opp produksjon på t.d. ammeku, slik ein ser i kornområda der både byggløysingar og tilgang på billeg halm er større. Dei har også ei uro for utviklinga innan sauahaldet og grøntnæringa, der andre landsdeler styrkar seg sett i høve til Vestlandet.

Om ein meiner alvor med at heile landet skal takast i bruk, meiner Sogn og Fjordane Bondelag at ein målrette verkemidlande betre slik at ledig areal i distrikta kan nyttast til produksjon av storfekkjøt/lammekjøt og frukt/bær. Det er i produksjon av storfekkjøt og deler av grøntnæringa, til dømes jordbær, at det er auka marknadsmoglegheiter i dag. Elles er marknaden prega av at det vert produsert for mykje. Det å kunne ha verkemiddel som kan regulere marknaden vil vere avgjerande. Bondelaget uroar seg også for inntektsutviklinga til mjøkebonden i åra som kjem.

#### **Marknadsbalansering**

Dagens situasjon i marknaden for sau, gris og egg syner kor viktig det er med ein god verktykasse som kan sikre at ein i størst mogleg grad klarar å produsere til ein marknad som er i balanse. Det gjev best økonomi for både bonden og samfunnet. Difor er det viktig at departementet har opna opp for å nytte produksjonsregulerande tiltak i svineproduksjonen

#### **Prioriteringar endring av regelverk**

- Utvikle og betre ordningane som kan regulere marknaden for dei ulike produksjonane
- Det må framleis vere mogleg med ei regional forvaltning av IBU-midlane, der detaljane i verkemiddelbruken vert fastlagt regionalt. I 2017 vart den regionale råderetten innskrenka til berre å omhandle kva produksjonar som skal prioriterast. Sogn og Fjordane Bondelag ynskjer at partnarskapen skal få større handlingsrom i å fastsetje detaljar i regelverket lokalt.

Sogn og Fjordane Bondelag peikar på at det ved endring i oppgåver vil vere avgjerande at fylkeskommunen prioriterer å ha tilsette med kompetanse på landbruk også i Sogn og Fjordane. Det vil også vere avgjerande med eit tett samarbeid mellom Fylkeskommunen, Fylkesmannen, Innovasjon Norge og Bondelaget. Bondelaget er svært nøgde med det samarbeidet som vi har hatt i Sogn og Fjordane. Samarbeidet har vore avgjerande for resultata innan fleire område. Det er avgjerande at dette arbeidet ikkje vert sett på vent eller svekka når det no skjer ei endring i oppgåvefordeling og geografisk inndeling av fylkesmannsembete og fylkeskommune.

#### **Prioriteringar på bruksnivå**

- Prioritere styrking av økonomien på mindre og mellomstore driftseininger i distrikta med grovforbasert produksjon.
  - Stimulere til meir beiting i utmark

- Prioritere driftstilskot og husdyrtilstskot for dei første einingane
- Setje i verk tiltak som reduserer produksjonspresset i sauennæringa, men som kan styrke dei områda av landet som har hatt ei negativ utvikling. Det vil seie Vestlandet og Nord Norge.
- Styrking av økonomien i ammekuproduksjonen for buskapar med opp til 20 ammekyr. Dette kan skje gjennom å innføre tilskot til små og mellomstore ammekubruk målretta geografisk til kystfylka frå Hordaland og nordover.
- I oversikta over nasjonale føringar for bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU) blir det peika på at det innan den delen som går til mjølkebruk vil vere særskilt trøng for å prioritere fornying av 15-30 kyrsfjøs. Skal det vere mogleg må potten aukast og regelverket for IBU midlane endrast slik at forskriftera opnar opp for ein maksimal tilskotprosent på 40 %. I dag er det 35%. Det vil også vere naudsynt med ei heving av taket for tilskot til 2,5 millionar kroner. Skal ein lukkast med å få til nyinvesteringar på mindre og mellomstore mjølkebruk, samt få til ei satsing på ammeku i fylket vårt må økonomien i desse investeringane betrast monaleg. Mykje av dei store bygningane er allereie bygd, og vi har framleis ein situasjon der berre om lag 50 % av mjølka er i lausdrift. Skal vi få dei resterande 50 % med oss vidare må det skje ei målretta økonomisk styrking som sikrar utbyggingar der arealgrunnlaget ligg. Det vil seie ei utbygging med slik økonomi at det ikkje vert trøng for å auke volumet vesentleg i høve til dagens produksjon på bruken.
- Det vil i 2019 ikkje vere mogleg å gje investeringsstønad til fornying av fjøs med sau. Sogn og Fjordane Bondelag meiner det må opnast opp for at slik fornying kan skje på Vestlandet og i Nord Norge etter kvart som marknaden kjem i balanse.
- Styrke økonomien i å etablere frukt- og bærproduksjon på mindre bruk
- Målretta auke av distrikts- og kvalitetstilstskotet for produksjon av frukt- og bær på Vestlandet.
- Distrikts- og kvalitetstilstskotet for konservesbær må aukast for å styrke økonomien i produksjonen. Særleg vil det vere viktig å styrke økonomien i produksjon av jordbær, då det er marknad for å kunne auke denne produksjonen.
- Auke vesentleg tilskotet pr. dekar til grøfting. Dette fordi det er stor trøng for grøfting, samstundes som det er eit svært godt klimatiltak på Vestlandet.

## **INNSPEL FRÅ SGN OG FJORDANE BONDE OG SMÅBRUKARLAG**

### **Prioriteringar 2019**

Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag har spelt inn desse kravområda:

- Botnfrådraget
- Forvaltning av jordbruksareal
- Overproduksjon og import
- Kornareal
- Agroøkologi
- Økologisk landbruk
- Strukturtilllegg
- Ulik kravområde

### **Botnfrådraget**

Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag meiner botnfrådraget ikkje er med på å halde fast på små bruk. Dei vil i første omgang krevje å senke botnfrådraget frå 6000 til 3000 kr, for så i neste omgang å fjerne frådraget.

### **Forvaltning av jordbruksareal**

For å få nedlagt jord i bruk ynskjer Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag å krevje ein beredskapssum for å oppretthalde og drifte alt jordbruksareal. Dei siste åra har vist at ein må ha ein viss beredskap i planteproduksjonen. Med beredskap meiner dei at jorda blir drifta på ein slik måte at ho ikkje blir forringa, det må finnast ein eller fleire produksjonar til vidare sal.

### **Overproduksjon og import**

Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag krev langsiktig tenking i forhold til investeringar i landbruket. Tilskot bør ikkje trekka bort fordi det plutsleig har blitt overproduksjon. Mindre einingar, fordelt over større del av landet og med grunnlag i nærliggande areal må vise att i investerings-tilstoka.

### **Kornareal**

Prisen på korn må aukast, slik at kornproduksjonen aukar. Kornareala på Austlandet og i Trøndelag må haldast i hevd. Nedgangen i kornareal må stoppast og snuast.

## **Agroøkologi**

Sogn og Fjordane Bonde og småbrukarlag ynskjer at agroøkologi og agroøkologisk drift skal inn som ein del av jordbruksforhandlingane. Det bør lagast eit eige tilskot til dei som vil drive agroøkologisk.

I større og større grad vert matproduksjon sett på som industri. Forvaltning av landbruksområde, for oppretthalding av naturmangfald og artsrikdom må inn som ein del av jordbruksforhandlingane.

## **Økologisk landbruk**

På same måte som med agroøkologisk drift, må også økologisk drift styrkast.

## **Strukturtilllegg**

I 2018 kom det eit strukturtilllegg på mjølkekyr. Første trinnet opp til 23 kyr, fekk 1400 kr. per dyr. Sogn og Fjordane Bonde og småbrukarlag vil auke dette trinnet.

## **Ulik kravområde**

- Den årlege prisveksten må leggast til før forhandlingane startar
- Krav om meir langsiktig tenking når det gjeld tilskot
- Investeringstilskot må rettast enno meir mot ombygging, driftsomlegging og langsiktig drift
- Styrking av velferdsordningane
- Satse på landbruksrelatert forsking, utvikling og utdanning, også mot agroøkologisk drift.
- Avlingsskadeordninga må endrast til å gjelde kultur for kultur.

## **INNSPEL FRÅ FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE**

### **Klimautfordringar**

Dei aukande klimautfordringane gjer at det er trøng for gode og treffsikre ordningar innan dette området. Det er trøng for ordningar som stimulerer til investeringar for vasskjelder til vatning, og det er trøng for gode ordningar for støtte til grøfting.

Det er også viktig med ei meir treffsikker ordning for erstatning etter avlingssvikt i grovförproduksjon til husdyrhald.

Sommaren 2018 var uvanleg tørr og varm og dette gjorde at grasavlingane mange stader tørka bort. Dette gav ei gjennomsnittleg grovföravling i Sogn og Fjordane på kring 65 % av eit normalår. Den nasjonale ordninga med erstatning etter klimabetinga skade i planteproduksjonen gjev tilskot til dei som har meir enn 30 % avlingstap samanlikna med normalår. I Sogn og Fjordane var det 360 føretak som søkte om erstatning og det er utbetalt 24 millionar kroner. Ordninga tek utgangspunkt i avlinga på føretaket dei siste fem åra som er dokumentert gjennom sal av planteprodukt. Då husdyrbruka ikkje har dokumenterte tal for grovföravling er ordninga bygd opp kring ei normallavling for Vestlandet på 540 føreiningar per dekar. Dette gjev ei god erstatning for dei med moderat og normal avling. Dei som i normalår har ei høgare avlingar enn 540 føreiningar vil ikkje få kompensert for dette i skadeåret. Ordninga er såleis ikkje treffsikker for å gje ei rett erstatning i høve til normallavling.

### **Marknadsregulering**

Det er framleis trøng for ordningar for marknadsreguleringar.

### **Næringsutvikling og FoU**

Det er få som etablerer ny næring. Dette er ei utfordring som ikkje berre gjeld Sogn og Fjordane. Klimautfordringane krev også nye løysingar. Det er viktig å ha ressursar og kompetanse til å legge til rette for å etablere gode landbruksprosjekt i Sogn og Fjordane.

## **4. Vurdering og konklusjon**

I Sogn og Fjordane har vi eit mål om auka verdiskaping i landbruket og eit berekraftig landbruk i heile fylket. Utviklinga har på fleire område gått rett veg dei siste åra, men framleis er det problem og utfordringar som berre kan løysast ved hjelp av målretta bruk av offentlege verkemiddel, betre retningslinjer, lover og forskrifter. Jordbruksoppgjøret for 2018 hadde fleire positive tiltak for landbruket på Vestlandet, og denne utviklinga må halde fram. Økonomisk styrking av verkemiddel som tek omsyn til små og mellomstore bruk innan alle produksjonar, samt geografisk innretta verkemiddel som er målretta i distrikta er den viktigaste prioriteringa.

Dette bør gjerast mellom anna ved å prioritere driftstilskot og husdyrtilstskot for dei første einingane, stimulere til meir beiting i utmark, styrke økonomien i ammekuproduksjon for buskapar

opp til 20 ammekyr, og målrette auke av distrikts- og kvalitetstilskotet for produksjon av frukt- og bær på Vestlandet.

Auka verdiskaping krev at det finst marknadsmogleheter. Slike finst i dag nesten berre for produksjon av storfekjøt og grønt. Elles er marknadane prega av overproduksjon, noko som kan vere ueheldig for både økonomien til brukarane og for samfunnet.

Når ein stangar i produksjonstaket, er det svært viktig at styresmaktene brukar verkemidla til å oppnå balanse mellom tilbod og etterspørsel, for å unngå store og uheldige variasjonar i oppgjersprisar og produksjonsvolum frå år til år. Det er også viktig å utvikle nye produkt og nye marknader, for å ha høve til å oppnå auka verdiskaping i landbruket og berekraftig landbruk. Når marknaden er i balanse bør fornying av fjøs med sau rettast inn mot Vestlandet og Nord Norge.

Utfordringane er ulike i ulike deler av landet, og det må framleis vere høve til ei differensiering som tek omsyn til dette. Det er trong for målretta og tilpassa ordningar som treff betre dei lokale føresetnadane. Partnarskapen i fylka bør få større handlingsrom i å fastsetje detaljar i IBU-regelverket lokalt.

Klimaendringane fører til trong for gode og treffsikre ordningar innan dette området. Det er eit stort etterslep på grøfting, og på Vestlandet er kostnadane ofte høge. Det må vere gode ordningar for tilskot til grøfting, det bør vere like reglar for tilskot til grøfting som for tilskot til andre investeringar i landbruket der tilskotet er 35 % av godkjent kostnad. Det er også trong for ordningar som stimulerer til investeringar for vasskjelder til vatning.

Det er viktig med gode ordningar for erstatning etter avlingssvikt. Tilskotsordninga med erstatning etter avlingssvikt på gjerast meir treffsikker for føretak som driv med husdyr. Dagens ordning er tilpassa dei som har moderate eller gjennomsnittlege avlingar, men fangar ikkje opp dei som har høge avlingar i normalår.

-----

**Tilrådinga til Fylkesrådmannen bygger på innspela frå dei tre aktørane, saman med målsetjingane i verdiskapingsplanen.**

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)